



Radøy Eiendomsselskap AS  
v/Olav Ståløy  
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/2015 - 17/8642

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
03.07.2017

## Byggesak gbnr 78/7 Solheim Austre - bruk av industribygg som hybelhus - førehandsvarsel

**Tiltakshavar:** Radøy Eiendomsselskap AS

**Grunneigar:** Radøy Eiendomsselskap AS

Radøy kommune viser til vedtak frå Fylkesmannen i Hordaland av 28.06.17 som stadfestar Radøy kommune sitt vedtak av 13.12.16 om avslag på søknad om mellombels dispensasjon frå arealføremål i plan for bruksendring av industribygg til bustadføremål.

Bygningen var i bruk til bustadførermål ved synfaring. Søknad om bruksendring er avslått ved endeleg vedtak frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen vurderer at bruken er eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova og at bruken må opphøyre.

### **Frist for retting**

Det ulovlege tilhøvet må **rettast innan 03.08.17**.

Retting må skje ved at bruk av industribygget til bustadføremål opphøyrrer.

Kommunen må få skriftleg underretting når bruken har opphøyrd, og seinast innan frist for retting.

### **Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting**

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte følgd opp med pålegg om retting etter pbl. § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert føljt, kan kommunen utferde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

#### **Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt**

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

#### **Rett til å gje uttale**

Du har rett til å gje uttale i saka før kommunen treffer vedtak om pålegg og tvangsmulkt. Uttale må vera sendt innan 03.08.17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2015.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Byggesak Gbnr 78/7 Solheim austre -mellombels bruksendring av kontorbygg til hybelbygg - Stadfesting av vedtak

Stadfesting - Byggesak - Radøy - Gnr 78 bnr 7 - Solheim Austre - Mellombels bruksendring av kontorbygg til hybelbygg

#### **Kopi til:**

Helgesen Tekniske bygg

#### **Mottakarar:**

Radøy Eiendomsselskap AS

5938

SÆBØVÅGEN